

# *Norsk* Ordbok <sup>2014</sup>

## ÅRSRAPPORT 2005

**Oslo 16. januar 2006**

# Innhald

<b>A. Rammevilkår .....</b>	<b>5</b>
1. Organisering og finansiering .....	5
2. Lokalisering.....	5
3. Personale .....	6
<b>B. Manusproduksjon.....</b>	<b>6</b>
4. Redigering .....	6
<b>C. Utvikling av verktøy .....</b>	<b>7</b>
5. Redigeringsprogram .....	7
6. Nynorsk tekstkorpus.....	7
7. Redigeringshandboka .....	8
<b>D. Utviding og forbedring av tilfang .....</b>	<b>8</b>
8. Metaordboka.....	8
9. Blyanttilskrifter i Grunnmanuskriptet .....	9
10. Nytt tilfang .....	9
<b>E. Formidling, informasjon og kompetanseheving .....</b>	<b>9</b>
11. Formidling og informasjon.....	9
12. Kompetanseheving .....	10

## Vedlegg

Vedlegg 2. Publikasjonar og føredrag i 2005

Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet

## **Innleiing**

Norsk Ordbok 2014 legg med dette fram årsrapporten for 2005. Vi har vore gjennom eit nytt innhaldsrikt år med fine resultat. Vi vil her særleg trekkje fram tre område. Det gjeld manusproduksjon, vidareutvikling og utbygging av den digitale redigeringsplattforma, og det gjeld opplæring.

## **Manusproduksjon**

Hovudmålet for 2005 var å greie å redigere 400 nye ordboksider. Årsresultatet ligg noko under dette, for vi greidde å redigere 342 sider, noko som inneber at vi pr. 31.12. har 419 sider manuskript til band 6. Tilveksten i 2005 utgjorde eit sidegjennomsnitt på 19,7 sider pr. redaktørårsverk. Framdriftsprognosane våre er baserte på at ein utlært redaktør skal redigere 22 sider pr år, og årsresultatet ligg altså noko under dette, noko som ikkje er uventa når ein tenkjer på at vi har hatt svært mange redaktørar under opplæring i 2005. Det bør vere realistisk å greie å arbeide inn sideunderskotet for 2005 i 2006, særskilt på bakgrunn av at vi då vil disponere seks fleire redaktørårsverk enn i 2005, og at færre av desse vil vere opplæringsårsverk. Etter planen skal band 6 ut før jul 2006, band 7 ut våren 2008, band 8 seinsommaren 2009, band 9 før jul 2010, band 10 våren 2012, band 11 sommaren 2013 og band 12 til jul 2014.

## **Folk og opplæring**

Det har blitt gjort eit stort og viktig opplæringsarbeid i 2005. Ti nye redaksjonsassistentar har fått opplæring i grupper, på seminar og ikkje minst individuelt. Åtte av desse vart tilsette i 2005. Resultatet er at vi har to nye redaksjonsgrupper ved utgangen av 2005, og at to av assistentane fekk redaktørstatus frå og med oktober 2005. Pr. 31.12.2005 har vi 25 redaktørar knytte til redaksjonen (men ikkje alle vil fungere i full stilling i 2006), I forhold til opptrappingsplanen manglar vi no to redaktørar for å nå full bemanning. (Sjå vedlegg 1.)

## **Utvikling av verkty**

På verkty-sida har det skjedd viktig vidareutbygging og vidareutvikling. Utviklingsarbeidet har som før blitt gjort ved Eining for digital dokumentasjon (EDD). Det viktigaste tillegget til ressursane vi rår over, har kome på korpussida. Det gjeld for det første storleiken på korpuset: Etter at vi har brukt knappe tre årsverk på teksttagging i 2005, inneheld korpuset no 25,6 millionar ord. For det andre er korpuset no lemmatisert, bygd ut med eit rikt søkjesystem og integrert i redigeringsapplikasjonen. Korpuset er også lagt ut i ein nettversjon. I 2005 kom utskriftsfunksjonen på plass innafor sjølve applikasjonen. Av anna nyutvikling vil vi vise til to store forbetringar: Vi har fått på plass ein fleksibel sorteringsmodul som gjer det mogleg å samsortere metaordbok- og korpustreff på skjermen etter ulike kriterium, t.d. etter tydings- og formkriterium. Dei ulike sorteringane kan lagrast i tilknytning til ordartiklane. Dessutan er det laga eit status- og loggsystem som for det første regulerer og sikrar tilgjenget til databasen, for det andre gjer det mogleg å ha oversyn over logistikken i redigeringsprosessen, og for det tredje gjer det mogleg å køyre rapportar som måler progresjonen i arbeidet. Vilkåra for å styre arbeidet med Norsk Ordbok er slik monaleg forbeta. 2006 vil vere det siste året som femårsavtala om IT-utvikling med EDD gjeld for, og alle hovudkomponentar i redigeringsplattforma er no på plass. Det som står att er arbeidet med å innpasse band 1 til 4 i databasen, og å gjere databasen tilgjengeleg over internett som ei elektronisk ordbok.

## **Styret**

I 2005 har desse vore medlemmer av styret for Norsk Ordbok 2014: styreleiar Magnus Rindal, Eli Fiskvik, Yngve Sjøgreen Foss, Sigve Gramstad, Randi Alice Nilsen, Oddrun Rangseter og Lars S. Vikør. Fire møte er blitt haldne, og 31 saksnummer handsama.

### **Formidling**

Til sist må det nemnast at ordbokredaksjonen har vore meir utoverretta i året som har gått. Vi lanserte band 5 i mars 2005 på eit arrangement som fekk god pressedekning (sjå vedlegg 3), og vi har presentert prosjektet på fem ulike fagkonferansar i året som gjekk (København i februar, Sønderborg i mai, Budapest i juni, Reykjavík i juni og Bergen i november). I tillegg har vi drive formidling i mange andre fora og format (sjå vedlegg 2 og 3).

### **Takk**

Vi vil takke Stortinget, Kultur- og kyrkjedepartementet, Universitetet i Oslo og Institutt for lingvistiske og nordiske studium som har gjeve Norsk Ordbok 2014 gode og føreseielege arbeidsvilkår i 2005.

Kristin Bakken  
16. januar 2006

# A. Rammevilkår

## 1. Organisering og finansiering

Mål 2005	Resultat
a) Å halde oppe strukturen med fleire redaksjonsgrupper og éi leiargruppe. Leiarane i redaksjonsgruppene bør vere representerte i leiargruppa.	Vi hadde fire redaksjonsgrupper då året tok til. Pr. 31.12.05 har vi seks redaksjonsgrupper. Gruppeleiarane er med i leiargruppa.
b) Vi vil setje i gang opplæring innafor ramma av ei ny redaksjonsgruppe sommaren 2005.	Vi etablerte ei ny redaksjonsgruppe i juni 2005 (tre medlemmer), og ei ny gruppe i november 2005 (tre medlemmer).
c) Anna verksemd blir organisert i ad hoc-grupper så lenge arbeidet varer. I 2005 bør vi ha ei taggegruppe, ei metaordbokgruppe og ei test- og utviklingsgruppe.	I år har vi hatt ei taggegruppe frå og med 1. september, ei kryssjekkgruppe frå og med 20. april og ei testgruppe som har fungert etter behov. Vi prioriterte redigering i 2006, og sette ikkje ned ei eiga metaordboksgruppe.
d) Når det gjeld innpassing i universitetsorganisasjonen, bør vi framleis bli definerte som del av kjerneverksemda ved UiO, og vi ynskjer å halde ved lag den relativt sjølvstendige statusen andsynes morinstituttet, no ILN.	Organisatorisk innpassing har lege fast i 2005. Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) har avvikla samlingsseiningane som eige organisatorisk nivå, og også skore ned på ressursane til samlingsaktivitet. Ei følgje er at prosjektleiinga har måtta engasjere seg i spørsmål som har med samlingsverksemd å gjere. Mot løfte om økonomisk kompensasjon har vi sagt ja til å administrere arbeidet med revisjon av Nynorskordboka.
e) Vi vil søkje Stortinget om naudsynt opptrapping av løyvinga i tråd med den reviderte opptrappingsplanen frå 2004. I tillegg vil vi be Universitetet trappe opp driftstilskotet proporsjonalt med auken i lønsmidlane.	Vi sende budsjettsøknaden til Kultur- og kyrkjedepartementet 1. mars. Søknadssummen var på kr 11,185 mill. Før jul vart det vedtatt at vi får 10,7 mill. over statsbudsjettet for 2006. Som tilskot til løyvinga for 2005 fekk vi 1 mill. over revidert budsjett i juni. Vi bad UiO om å trappe opp driftstilskotet og fekk eit ekstratilskot på kr 400 000 for 2006 og lovnad om kr 100 000 på toppen av dette i 2007.

## 2. Lokalisering

Mål 2005	Resultat
a) Lokala vi no har er høvelege, men vi vil framleis presse på for å få kantine i funksjon i bygningen, og vi treng tilgjenge til eit lite møterom for redaksjonsgruppene.	Vi fekk kantine på plass i mars 2005. Vi har framleis ikkje møterom, men har nytta kantina til gruppemøte.

### 3. Personale

Mål 2005	Resultat
a) Å lære opp tre nytilsette redaksjonsassistentar frå dei tidspunkta dei tek til i prosjektet (1.1., 1.5., 1.6.), og å gje opplæring til ein redaksjonsassistent i engasjement frå og med 1.6.	Vi sette i gang opplæring av til saman fire nye redaksjonsassistentar 1.1.05, 1.5.05, 1.6.05 og 15.8.05. I tillegg lyste vi ut stillingar etter at revidert budsjett vart lagt fram i juni, og tre nye vart tilsette med verknad frå 8. november. Ny opplæring vart sett i gang då.
b) Å lyse ut fleire redaksjonsassistentstillingar etter at statsbudsjettet blir lagt fram i oktober.	Jf. punktet ovafor.
c) Om revidert budsjett gjev rom for det, ynskjer vi å engasjere ein assistent i deltid for å vidareføre taggearbeidet etter 1. august.	Pga. gunstig revidert budsjett engasjerte vi til saman sju assistentar i til saman 19 månadsverk for å tagge korpus frå 17.8 og 1.9.2005.
d) Å setje inn Laurits Killingbergtrø som vikar i hovudredaktørfunksjonen frå og med 1. mars.	Laurits Killingbergtrø har fungert som hovudredaktør frå 1. mars og ut året. Det er slik han som har lese manuskripta i siste versjon. Oddrun Grønvik fekk hovudredaktørstatus andsynes databasen og redigeringshandboka frå og med same dato.
	Dagfinn Worren er blitt administrativ vara med verknad frå 1. november.

## B. Manusproduksjon

### 4. Redigering

Mål 2005	Resultat
a) Vi bør ha redigert 474 sider av band 6 til 31.12.2005. Av dette blei 77 sider redigerte i 2004. Desse sidene bør vere gjennomlesne av gruppeleiar og hovudredaktør.	419 sider pr. 31.12.2005. 342 sider netto tilvekst i 2005, dvs. eit underskot på 55 sider pr. 6.12.2005. Vi hadde 17,35 redaktørårsverk til disposisjon i 2005, det gir eit gjennomsnitt på 19,7 sider pr. redaktør (jf. årsmålet på 22 sider).
b) Vi bør ha redigert ca. 200 sider før 1.7.2005, og ca. 200 sider til 31.12.2005.	I perioden 1.1.-1.7 hadde vi ein tilvekst på 164 sider (med det atterhaldet at rapportsystemet ikkje var heilt ferdig). 178 sider vart redigerte i perioden 1.7.–31.12.
c) Sitatkontroll og hovudredaktørlesing bør skje etter kvart som manusa blir kryssa ut frå gruppene.	Pr. 31.12.05 er 166 sider ferdig kontrollerte.
d) Vi bør ha dimensjonert band 7–12 før 1.7.2005	Dimensjoneringa av heile utgåva er gjord, dessutan vart dimensjoneringsmåla innarbeidde i applikasjonen i mai, slik at dimensjoneringa av ordboka no kviler på

	trygg grunn.
--	--------------

## C. Utvikling av verkty

### 5. Redigeringsprogram

Mål 2005	Resultat
a) Det overordna målet for arbeidet med programmet er å ha utskriftsfunksjonen integrert i applikasjonen, å ha redigeringsadministrative rutinar implementerte i applikasjonen og å ha ein funksjonell semantisk sorterar som bindeledd mellom Metaordboka og redigerings skjemaet. Alt dette bør på vere på plass til 1.7.05. Utviklingsarbeidet skjer ved EDD. Det som blir spesifisert som delmål nedafor, er våre tilskot til dette utviklingsarbeidet.	Utskriftsfunksjonen er integrert i applikasjonen. Redigeringsadministrative rutinar er integrerte i applikasjonen i og med eit status- og tilgjengessystem og eit rapportformat. Vi har ein funksjonell semantisk sorterar på plass.
b) Vi bør justere spesifikasjonane for det redigeringsadministrative systemet til 15.2.2005.	Dette vart gjort.
c) Vi bør setje ned ei respons- og testgruppe som EDD kan bruke i utviklingsarbeidet, det gjeld t.d. for arbeidet med den semantiske sorteraren og for det redigeringsadministrative systemet. Gruppa bør kome i funksjon i februar.	Vi har hatt ei testgruppe på plass sidan februar (TS, AE, HG, OG).
d) Vi bør levere oppdaterte lister med dei funksjonsfeila som framleis finst i programmet, til 15. februar.	Feillista har blitt kontinuerleg ført og retta.
e) Vi bør setje av ressursar til å leggje til rette manusa til band 1–5 for meir fullstendig innlegging i databasen. Dette arbeidet bør vere gjort til 1.7.2005.	EDD kom ikkje i gang med dette arbeidet før i september 2005. Vi har gjeve fortløpande og naudsynt respons ved OG, men arbeidet er forseinka.
f) Saman med EDD bør vi vurdere om det er mogleg å få databasen til å fungere som ei elektronisk ordbok. Vi bør greie ut spørsmålet om rettane til ei eventuell elektronisk utgåve.	Direktøren samarbeidde med EDD om eit føredrag om NO som e-ordbok i februar. Databasen med søkjesystem har eit stort potensial som e-ordbok. Direktøren har drøfta spørsmålet om rettane til ei elektronisk utgåve med forlaget. Ho vil sluttforhandle dette spørsmålet i 2006.

### 6. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2005	Resultat
a) Overordna mål er at korpusapplikasjonen er ”ferdig” lemmatisert og med relevante	Korpuset er lemmatisert. Statistikkverkty er ikkje inkludert pga.

statistikkverktøy hekta på til 1.7.2005. Dette arbeidet ligg til EDD.	problem knytte til teknisk korpusformat.
b) Vi disponerer seks månadsverk til teksttagging i 2005. I tillegg 40 % av eit årsverk ved seksjonen, og noko av førstekonsulenten si tid. Med desse ressursane vonar vi at vi sjølve kan overta teksttagging og tekstinnleggingsfunksjonen frå EDD innan 1.7.2005.	Vi har brukt 19 månadsverk på teksttagging etter overføring frå KKD i og med budsjettrevisjonen. Den seksjonstilsette (EL) og førstekonsulenten (RBØ) har arbeidd med tekstinnlegging, tekstadministrasjon og opplæring av taggarar.
c) Korpuset bør innehalde 22 millionar ord pr. 31.12.2005.	Korpuset inneheldt 25,6 mill. ord pr. 31.12.05.

## 7. Redigeringshandboka

Mål 2005	Resultat
a) Overordna mål: Redigeringshandboka bør vere ferdigredigert i fullstendig versjon til 31.12.05.	Redigeringshandboka har blitt kontinuerleg utbygd, men er enno ikkje ferdig.
b) Underoppslagskapitlet bør vere revidert i til 1.3.2005.	Ei arbeidsgruppe er ferdig med revisjonen, men endringane er ikkje skrivne inn i RH.
c) Mønsterartiklar bør utarbeidast i perioden 1.8–31.12.2005.	Dette er berre gjort i einstaka tilfelle for skuld andre oppgåver.
d) Vi bør førebu arbeidet med å gjere redigeringshandboka om til eit webdokument – men ordboka må vere ferdigredigert først.	Dette er ikkje gjort fordi redigeringshandboka framleis ikkje er ferdig utbygd, og slik utbygging har blitt prioritert.

## D. Utviding og forbetring av tilfang

### 8. Metaordboka

Mål 2005	Resultat
a) Vi bør bruke til saman åtte månadsverk på Metaordboka i 2005. Det er dei nye redaksjonsassistentane som skal gjere dette arbeidet.	Vi har brukt seks månadsverk på MO, elles har vi prioritert redigeringsopplæring framfor arbeid med MO.
b) Vi har som mål å bli ferdig med bokstaven <i>e</i> i MO før 31.12.2005.	Vi har normert 5136 av 12758 artiklar på <i>e</i> , jf. punktet ovafor.
c) Ny versjon av g-manus skal etter planen hekast på MO i 2005. Eventuelle tillegg i og med blyanttilskriftene må koplast til MO.	Dette er ikkje gjort, fordi årsverka ved EDD rakk ikkje til.
d) Dersom EDD får gjort Torp si ordbok tilgjengeleg gjennom Metaordboka, bør vi normere og kople opp oppslagsorda herfrå.	Dette er ikkje gjort, fordi årsverka ved EDD rakk ikkje til.



## 9. Blyanttilskrifter i Grunnmanuskriptet

Mål 2005	Resultat
a) Versjonen av g-manus der blyanttilskriftene er førde inn, bør hektast på Metaordboka (jf. punkt 5c).	Dette er ikkje gjort, for årsverka ved EDD rakk ikkje til.
b) Vi bør ha ført inn alle tilskriftene til og med <i>l</i> i løpet av 2005.	Vi har ført inn alle tilskriftene til og med <i>myhak</i> pr. 6.12.05.

## 10. Nytt tilfang

Mål 2005	Resultat
a) Vi disponerer berre tre månadsverk til dette arbeidet i 2005, og på denne tida bør vi greie å normere og tagge opp tre ordsamlingar. EDD skal etter planen utforme ei teknisk løysing som gjer at desse ordsamlingane kan koplast til Metaordboka i 2005.	Vi har normert opp to ordsamlingar.  Det er ikkje utarbeidd ei teknisk løysing for oppkopling, jf. ressursstoda ved EDD.
b) Vi vil halde fram med å leggje inn elektroniske setlar i 2005. Målet bør vere at omfanget av dette arbeidet skal liggje om lag på same nivå som i 2004, dvs. ca. 15 000 nyregistrerte setlar.	Vi har registrert 14 938 setlar i 2005.
c) Om EDD har ressursar å lage eit nytt faksimileformat for tillegg til setelarkivet, vil vi leggje eit skanna materiale frå Finnmark inn i det elektroniske arkivet.	Dette er ikkje gjort, jf. ressursstoda ved EDD.

## E. Formidling, informasjon og kompetanseheving

### 11. Formidling og informasjon

Mål 2005	Resultat
a) Prosjektet bør vere representert med føredrag på den nordiske leksikografikonferansen i Sønderborg i mai.	Vi var representerte med fem føredrag (OG, LSV, DW, KEK, KB).
b) Prosjektet bør vere representert med føredrag på Complex-konferansen i Budapest i juni.	Vi var representerte med eitt føredrag (OG).
c) Vi bør vere representerte med minst eitt føredrag på MONS i Bergen i november.	Vi var representerte med tre føredrag (KEK, ÅW, KB/OG).
d) Vi bør delta på seminar med føredrag om elektroniske ordbøker i København i februar.	Vi var representerte med eitt føredrag (KB).
	Vi var representerte med eitt føredrag på Nordterm-konferansen i Reykjavík i juni (EE).
e) Vi bør lansere band 5 av ordboka i mars. Høvet bør nyttast til å få presseoppslag.	Dette vart gjort. Det skaffa presseoppslag. Sjå vedlegg 3.

f) I samarbeid med informasjonskonsulenten ved ILN bør vi utarbeide ein profileringsplan for prosjektet.	Dette er ikkje gjort.
g) Vi vil halde fram med å levere Dagens ord til Nynorsk kultursentrum og få på plass ein avtale om leveranse til Nynorsk pressekontor.	Vi har levert ca. 40 ord til Nynorsk kultursentrum. Nynorsk pressekontor har fått oversendt materiale, men har ikkje realisert sin versjon enno.
h) Vi må kome i gang med ei ny brukarrettleiing før hovudredaktøren går ut i permisjon 1. mars.	Arbeidet er for ein del gjort, men ferdigstilling står att.
	TEJ og EE har drive aktivt formidlings- og innsamlingsarbeid i Trøndelag og Nord-Noreg i heile år. Sjå vedlegg 3.

## 12. Kompetanseheving

Mål 2005	
a) Rettleiinga i redaksjonsgruppene bør halde fram.	Vi har gjeve opplæring til ti nye redaktørar i 2005.
b) Vi vil ta sikte på å arrangere to interne fagseminar kvart semester i 2005. I samband med dette bør vi invitere i alle fall to gjesteforelesarar.	Vi har arrangert fire seminar: dei faste juni- og juleseminara, og dessutan eitt om fagord og bruksmerkingar i april og eitt om dialektordbøker i august.
c) Frå og med 1. juni vil vi lage ei ny redaksjonsgruppe, som dels skal arbeide med Metaordboka, dels bli lært opp i redaksjonelt arbeid.	Vi sette i gang éi ny gruppe i juni og éi i november. Dei brukte lite tid på MO, men gjekk i staden direkte i gang med redigering.
d) Om det blir arrangert eit nytt Lexicom-kurs, bør vi vere representerte på dette kurset.	Vi sende to personar til Lexicom-kurs i Brno i juni (OV, GAa).
e) Vi bør heve kompetansen i heimesideredigering ved å sende to personar på html-kurs i 2005.	To personar var på html-kurs i januar (KEK, RBØ).
f)	To personar var på mediekurs i november (KB, TEJ).
g)	Direktøren var på kurs i hovudavtalen og hovudtariffavtalen i oktober.
h)	Om lag ti personar var på Power Point-kurs i perioden mars til juni.

## **Vedlegg 2. Publikasjoner og foredrag i 2005**

### **Individuell publisering**

**Almenningen, Olaf.** Hem – hepte, hy – hyvring, høk – høyår. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 158 s.

**Bakken, Kristin.** Lexicalization. I: *Encyclopedia of Language and Linguistics*. Oxford: Elsevier 2005. ISBN 0-08-044299-4. s. 106–108

**Bakken, Kristin.** Norsk Ordbok 2014 – rammer og utfordringer. I: *Nordiske studiar i leksikografi 7. Rapport frå Konferanse i leksikografi i Norden. Volda 20.–24. mai 2003*. Oslo: Nordisk foreining for leksikografi 2005. ISBN 82-91121-03-6. s. 29–35

**Bakken, Kristin.** Relevans, legitimitet og resultatkrav. Eit komparativt blikk på utfordringane for dei store nasjonale ordboksverka i Norden i dag. [Vitskapleg foredrag] 8. Konferanse om Leksikografi i Norden. 24.05.2005–28.05.2005

**Bakken, Kristin.** The development of personal names from the 16th to the end of the 18th century III: Norway. I: *The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages. Vol 2*: Walter de Gruyter 2005. ISBN 3-11-017149-X. s. 1321–1323

**Bakken, Kristin; Grønvik, Oddrun.** Dataressursane ved Norsk Ordbok 2014 som forskingsverktøy.[Vitskapleg foredrag] Møte om norsk språk (MONS) 11; 24.11.2005–26.11.2005.

**Bakken, Kristin; Ore, Christian-Emil Smith.** Norsk Ordbok – også ei elektronisk ordbok? *LexicoNordica* 2005; 12:7–18

**Bakken, Kristin; Ore, Christian-Emil Smith.** Norsk Ordbok – også ei elektronisk ordbok? [Vitskapleg foredrag] Symposium om elektroniske ordbøker i Norden; 18.02.2005–20.02.2005.

**Ellingsve, Eli Johanne.** Fagord i Norsk Ordbok – i rett mon eller ute av fokus? [Vitskapleg foredrag] Nordterm-dagane; 09.06.2005–12.06.2005.

**Ellingsve, Eli Johanne.** jabb – jaguar, jan – jarmesse, jas – jattut, jav – jazzrock, ji – jordmåling. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 77 s.

**Ellingsve, Eli Johanne.** Stedsnavn på Svalbard. Names on Svalbard. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag 2005. ISBN 8251920116. 186 s.

**Endresen, Øyalf.** Jak – jakvæde, jam – jamål, jekt – jektevodul, jemt – jemtsk, juv – juvut. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 51 s.

**Engø, Anne Torunn.** ilsk – ilskut, im – ima, innar – innkøyrslé, ir – irund, isel – iseltorsk, islandsand – islandsull, iso- – ispen, ispøne – israelvenleg, iste- – istervom, it – iårskorn. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 60 s.

**Grønvik, Oddrun.** I hava. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 11 s.

**Grønvik, Oddrun.** Norsk Ordbok på nett – eit skattkammer for norskfaget. [Populærvitenskapleg føredrag] Fagleg-pedagogisk dag; 04.01.2005–04.01.2005

**Grønvik, Oddrun.** Norsk Ordbok 2014 from Manuscript to Database – Standard Gains and Growing Pains. [Vitenskapleg føredrag] COMPLEX – 8. International Conference on Computational Lexicography; 17.06.2005–18.06.2005.

**Grønvik, Oddrun.** Norsk Ordbok 2014 from Manuscript to Database – Standard Gains and Growing Pains. I: Kiefer, Ference; Kiss, Gábor; Pajzs, Júlia (red.) *Papers in computational Lexicography COMPLEX 2005*. Budapest: Linguistics Institute Hungarian Academy of Sciences 2005. ISBN 963-9074-35-7. s. 60-70.

**Grønvik, Oddrun.** Redigeringsprogrammet for Norsk Ordbok 2014. I skjeringspunktet mellom menneskeleg skjønn og automatisering. I: *Nordiske studiar i leksikografi 7. Rapport frå Konferanse i leksikografi i Norden. Volda 20.–24. mai 2003*. Oslo: Nordisk foreining for leksikografi 2005. ISBN 82-91121-03-6. s. 156-165.

**Grønvik & Bakken, sjå Bakken & Grønvik**

**Gundersen, Helge.** ibben – iberlund, idig – ido, ieldre – igjord, igle – iholen, ikkje, inngang. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 18 s.

**Harildstad, Gudmund.** Medarbeidar i bibliografi. I: Askedal, John Ole; Janss, Christian (red.) *Over alle tinder. Goethe og Faust*. Oslo: Vidarforlaget 2005. ISBN 82-7990-028-4. s. 232–248.

**Jenstad, Tor Erik.** Dialekt i Namsskogan og elles i Trøndelag. [Populærvitenskapleg føredrag] Dialektkveld 2005.

**Jenstad, Tor Erik.** Dialektkåseri. [Populærvitenskapleg føredrag] Medlemsmøte 2005.

**Jenstad, Tor Erik.** Dialektkåseri. [Populærvitenskapleg føredrag] Dialektkveld 2005.

- Jenstad, Tor Erik.** Dialektmagasinet – eit talerør for dialektinteresserte trønderar. *Jul i Trøndelag* 2005:6–8.
- Jenstad, Tor Erik.** Fosendialekt dei siste 100 åra. [Populærvitenskapleg føredrag] Kulturuka i Bjugn 2005.
- Jenstad, Tor Erik.** Gauldalsord i nasjonal satsing. *Bygdabladet for Støren, Rognes og Snøan* 2005:39–42.
- Jenstad, Tor Erik.** hov – hovty, hå – håvøyll, j – jaa, jal – jaltra, jarn – jarøyst, jau – javvra, je – jeksla, jel – jemini, jenegen – jfr., jordneve – jututheit, jyde – jåttut. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 161 s.
- Jenstad, Tor Erik.** I ordets teneste. Gemini [Avis] 01.04.20.
- Jenstad, Tor Erik.** Kåseri om dialektar. [Populærvitenskapleg føredrag] Dialektkveld 2005.
- Jenstad, Tor Erik.** Meldalsmål. [Populærvitenskapleg føredrag] Medlemsmøte 2005.
- Jenstad, Tor Erik.** Nordmørsord i nasjonal satsing. *Du mitt Nordmøre* 2005:160–167.
- Jenstad, Tor Erik.** Norsk Ordbok band 5. [Avis] 03.03.2005.
- Jenstad, Tor Erik.** Norsk Ordbok band 5. Språkteigen, NRK. [Radio] 06.03.2005.
- Jenstad, Tor Erik.** Norsk Ordbok band 5. TV Trøndelag. [TV] 07.03.2005.
- Jenstad, Tor Erik.** Norsk Ordbok som dialektordbok. I: *Nordiske studiar i leksikografi 7. Rapport frå Konferanse i leksikografi i Norden. Volda 20.–24. mai 2003*. Oslo: Nordisk foreining for leksikografi 2005. ISBN 82-91121-03-6. s. 221-227.
- Jenstad, Tor Erik.** Skjellsord. Radio Adressa. [Radio] 06.02.20.
- Jenstad, Tor Erik.** Smakebit frå band 5 av Norsk Ordbok. [Populærvitenskapleg føredrag] Lansering av Norsk Ordbok band 5, 2005.
- Jenstad, Tor Erik.** Special languages and their social and functional dimensions III. Slang. I: *The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages..* New York: Walter de Gruyter 2005. s. 1950–1959.
- Jenstad, Tor Erik.** Trondheimsmål og anna trøndermål. [Populærvitenskapleg føredrag] Medlemsmøte 2005.
- Jenstad, Tor Erik.** Trønderdialekt. Kåseri. [Populærvitenskapleg føredrag] Møte 2005.
- Jenstad, Tor Erik; Husby, Helge; et al.** Skjellsord, slåttar og skrøner. [Populærvitenskapleg føredrag] Underhaldningskveld 2005.
- Karlsen, Knut E.** Geografiske hol i ei nasjonal ordbok – om den geografiske spreinga av kjeldene i Norsk Ordbok. [Vitenskapleg føredrag] 8. konferanse om Leksikografi i Norden; 24.05.2005–28.05.2005.

**Karlsen, Knut E.** Geografiske hol i målførekjeldene til Norsk Ordbok – årsaker og verknader. [Vitskapleg føredrag] Det 11. møtet om norsk språk (MONS); 24.11.2005–26.11.2005.

**Karlsen, Knut E.** ibestadværing – iblå, I idé – idé-, idéassosiasjon – idéverkstad, ihug – ihugsen, ikkje- – ikkjeåtakstraktat, illkald – illnøyte, illord – illroen, illrumsen – illrymsken, illrøynd – illskrika, in – ingsa, innhald. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 38 s.

**Killingbergtrø, Laurits.** Ei bok for kryssordløysarar og ordforskarar. *LexicoNordica* 2005; 12:233–238.

**Killingbergtrø, Laurits.** hja – hook, hovud – hoyta, hum – hvalertistel, høg – høh. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 143 s.

**Runde, Ålov Synnøve.** i (prep, adv), I ile, is – isøyde. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 29 s.

**Runde, Ålov Synnøve; Svardal, Terje; Vestenfor, Oddmund.** Metaordboka som reiskap for lemmaseleksjon og ordboksproporsjonering. I: *Nordiske studiar i leksikografi 7. Rapport frå Konferanse i leksikografi i Norden. Volda 20.–24. mai 2003*. Oslo: Nordisk foreining for leksikografi 2005. ISBN 82-91121-03-6. s. 326-331.

**Skadberg, Kåre.** ilåt – ilåtpølse, innlag – IQ-test. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 92 s.

**Svardal, Terje.** iblåster – ibråden, id – idde, II ide, ideal – ideatype, idefiske, idekast, idelaus, ihop- – ihopvunden, ika – ikkalaus, ikla – ikveikt, illsnarp – illspøte, illstarven – illspøvd, illtanke – illtått, illvia – illværug, illvål – illvålen, inhabil – innanåtlesing, innstilling. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 39 s.

**Svardal & Runde & Vestenfor, sjå Runde & Svardal & Vestenfor**

**Vestenfor, Oddmund.** ia – iaugefallande, ibuande – ibøygd, idol – idøma, igl – igla, iglen – iglut, I ila – ilingsgras, iljos – illjerken, illojal – illojalitet, illrøte – illrøtevind, illsmak – illsmakom, illspåande – illspåen, illudera – illvette – illvæsast – illvæsnast, illyrar – ilsamtale, ilsleg – iløyen, innsyn . I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 38 s.

**Vestenfor & Runde & Svardal, sjå Runde & Svardal & Vestenfor**

- Vikør, Lars Sigurdsson.** Attitudes towards English loanwords in Scandinavia. I: *High fidelity eller rein jalla? Purisme som problem i kultur, språk og estetikk*. Vallset: Oplandske Bokforlag 2005. ISBN 82-7518-123-2. s. 67–80.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Bilingualism in Schleswig, Finland, North Sweden, Northern Norway, the Faroe Islands, and Greenland. I: *The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages..* New York: Walter de Gruyter 2005. s. 2105–2114.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Bryllaup ved havet. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6472-2. 190 s.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Ei metaleksikografisk perle. *LexicoNordica* 2005; 12:331–346.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Filleonkel og filletante. *Språknytt* 2005; 33(4):32–36
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Haldningar til anglisismar i Noreg og Norden. I: *MONS 10. Utvalgte artikler fra det tiende møtet om norsk språk*. Kristiansand: Høyskoleforlaget 2005. ISBN 8276345719. s. 303–315.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** hav, II hava – hawaiiisk, hg – hintord, horv – hottut. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 68 s.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Language differences, distances, and intercommunication in the Nordic countries. [Vitskapleg føredrag] Second International Conference on Near Languages; 16.06.2005–20.06.2005.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 1604 s. Norsk Ordbok 5; 1-5.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** NS og språkpolitikken: høgnorsk ideologi og bokmålsk praksis. *Språklig samling* 2005; 46(2):3–6.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Nynorsk under dobbeltpress. [Populærvitskapleg føredrag] Nordmål-forum; 01.12.2005–02.12.2005.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Perspektiv på språkutviklinga i Noreg: internasjonalt, nasjonalt og regionalt. [Vitskapleg føredrag] Norge 1905–2005: Fra monokulturelle til multikulturelle diskurser; 31.10.2005–01.11.2005.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Skandinaviske lærebøker i leksikografi og leksikologi – tverrnasjonalt oversyn og vurdering. [Vitskapleg føredrag] Den niande nordiske konferansen i leksikografi; 23.05.2005–27.05.2005.

**Vikør, Lars Sigurdsson.** Språk og verd i Norsk Ordbok. I: *Nordiske studiar i leksikografi 7. Rapport frå Konferanse i leksikografi i Norden. Volda 20.–24. mai 2003*. Oslo: Nordisk foreining for leksikografi 2005. ISBN 82-91121-03-6. s. 339-347.

**Wetås, Åse.** Kasusbortfallet i mellomnorsk – nokre resultat frå ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale. [Vitskapleg føredrag] Det 11. møtet om norsk språk (MONS 11); 24.11.2005–26.11.2005.

**Wetås, Åse.** *Tveiten og Tortveit*. Om opphavleg oblik form i stadnamn. I: Nyström, Staffan (red.). *Namnens dynamik. Utviklingstendenser och drivkrafter i innom nordisk namnskick. Handlingar från den trettonde nordiska namnforskarkongressen i Tällberg 15–18 augusti 2003*. Norna-Rapporter 80. Uppsala 2005. s. 345–361.

**Worren, Dagfinn; Fjeld, Ruth E Vatvedt.** Nordiske studiar i leksikografi 7. Rapport frå Konferanse i leksikografi i Norden. Volda 20.–24. mai 2003. Oslo: Nordisk foreining for leksikografi 2005. ISBN 82-91121-03-6. 365 s.

**Worren, Dagfinn.** Hip – hivvind. I: *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget 2005. ISBN 82-521-6579-6. 22 s.

**Worren, Dagfinn.** Ivar Aasen-almanakken 2006. Oslo: Dag og Tid 2005. ISBN 8281150025. 147 s.

**Worren, Dagfinn.** Molbech som mønster for Aasen. [Vitskapleg føredrag] 8. Nordiske konferanse om leksikografi; 24.05.2005–28.05.2005.

**Worren, Dagfinn.** Per Sandanger: Ord frå ei anna tid II (2005). *Vestlandsnytt (Lokalavisa for Herøy og Sande)* 2005.

**Worren, Dagfinn.** The Norwegian form of bilingualism. I: *The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages. Vol 2*: Walter de Gruyter 2005. ISBN 3-11-017149-X. s. 2041–2048.

**Aamodt, Gunhild.** IED – eit indoeuropeisk ordboksprosjekt i Leiden, Nederland. [Vitskapleg føredrag] Instituttseminar; 05.10.2005–05.10.2005.



## **Vedlegg 3. Presseoppslag og annen fagleg aktivitet**

### **Nokre av presseoppslaga i 2005:**

#### **Om framdrift og sjølve prosjektet NO2014:**

- **Adresseavisen KulturAdressa 21.2. & adressa.no 23.2.**
- **Uniforum 14.6.**
- **Hallingdølen, haustmagasinet 2005**
- **Finnmark Dagblad 21.10.**
- **Finnmarken 27.10.**
- **Kulturnytt NRK P2 9.11.**
- **Telemark Tidend i Varden nr. 342, 17.12.**

#### **Om bind 5:**

- **HF-aktuelt 28.2.**
- **Stavanger Aftenblad 28.2.**
- **Forskning.no 1.3.**
- **NTNU-universitetsavisa 2.3.**
- **Kulturbeite 3.3.**
- **Adresseavisen KulturAdressa 4.3.**
- **Næravisa 11.3.**
- **Nationen 2.3.**
- **Dagsavisen 2.3.**
- **Universitas 9.3.**
- **Uniforum Nr. 4, 10.3.**
- **Morgenbladet 11.–17.3.**
- **Norsklæraren nr. 4 2005 v/Morten Rønning**
- **Norsk Tidend nr. 5 2005 v/Martin Skjekkeland**
- **Arnold Dalen: ”Band V av Norsk Ordbok” i *Språknytt*, 33. årgang 1–2/2005**

#### **Anna:**

- ***Norsk Ordbok interessant for Sør-Afrika* i Uniforum nr. 8, 16.6.**

## **Annan fagleg aktivitet:**

### **Almenningen, Olaf:**

"Nynorsk fagbokpris" på 100 000 kr frå Det Norske Samlaget og Studentmållaget i Oslo (2 månaders permisjon frå NO 2014): Boka skal heite *Innføring i nynorsk for høgare utdanning* og kjem ut tidleg på hausten 2006.

*Norske ordtak* (førsteutg. 1999), ny utgåve 2005 (Frifant forlag).

### **Bakken, Kristin:**

*Kart over kulturen*, kronikk i *Dag og Tid* 11.6.

### **Ellingsve, Eli J.:**

Om lag 60 korte artiklar om nordnorske ord til spalta "Ord i Nord" i *Nordnorsk Magasin*.

Informasjon om NO og NO2014 som har blitt til artiklar om NO i to dagsaviser i Finnmark.

Utbygging av e-postnettverket Nordafor-lista (i dag vel 40 medlemmer, frå heile Nord-Noreg), teke inn informasjon om ord og lagt dei inn i setelarkivet/MO.

Vitjing i Berlevåg i Finnmark og møte med folk som skriv opp ord for NO frå Berlevåg og Båtsfjord.

### **Harildstad, Gudmund:**

Medredaktør av *Vågå – i mål og minne*, Vågå 2005

### **Jenstad, Tor Erik:**

Medverknad på Frøyadagan, Sistranda, 7. og 8.5.2005.

Dialektmagasin Mølnargården i Bjugn 19.6.2005.

Dialektmagasin Klæbu Kulturhus 3.9.2005.

Dialektmagasinet kvar onsdag på NRK Trøndelag i heile 2005.

Språkspalte i lokalavisa *Aura Avis* på Sunndalsøra kvar laurdag heile 2005.

### **Skadberg, Kåre:**

Medredaktør av Alf Hellevik: *Nynorsk ordliste*, 10. utg., Det Norske Samlaget 2005.

### **Worren, Dagfinn:**

#### Eksternt ILN:

Repr. for UiO i rådet for Nynorsk kultursentrum til april 05

Styremedl. (kasserar) i Nordisk foreining for leksikografi (frå mai 05).

#### Internt ILN:

Medl. i bokkomiteen på Leksikografi

Svarar på nynorskspørsmåla for Ordvakta ([ord-vakta@iln.uio.no](mailto:ord-vakta@iln.uio.no))

### **Deltaking på konferansar og kurs 2005:**

*Seminar om elektroniske ordbøker*, København, Danmark, 18.2.: 1 deltakar (1 føredrag)

*8. Konference om Leksikografi i Norden*, Sønderborg, Danmark, 24.–28.5.: 17 deltakarar (5 føredrag)

*Nordtermdagene*, Reykjavik, Island, 9.–12.6.: 1 deltakar (1 føredrag)

*Lexicom 2005*, Brno, Tsjekia, 10.–14.6.: 2 deltakarar

*Complex 2005, 8th Conference on Computational Lexicography and Text Research*, Budapest, Ungarn, 16.–18.6.: 4 deltakarar (1 føredrag)

*Seminar i Nynorsk forskarnettverk: Frå apostolat til atonalitet i nynorsk skriftkultur*, Bergen, 23.11.: 8 deltakarar (opning ved Kristin Bakken og Jan Inge Sørbo)

*Mons, 11. møtet om norsk språk*, Bergen, 24.–26.11.: 21 deltakarar (3 føredrag)

HTML-kurs i januar: 2 deltakarar

Direktøren var på kurs om hovudavtalen og hovudtariffavtalen, 5.–7.9.

Mediekurs ved Nynorsk Mediesenter, 17.–18.11.: 2 deltakarar

*ENG4107 – Corpora in Language Research: Theory and method*, haustsemester 2005: 1 deltakar (deltaking på seminar)

### **Gjester hos NO2014 i 2005:**

Terminologisentrum TNC, Stockholm: Henrik Nilsson, 1.5.

Norsk Språkråd: Sigfrid Tvitekkja, Åsta Norheim, 25.4.

SOFI, Uppsala: Karin Hallén, Margaretha Svahn, Eva Thelin, 23.8.

Jysk ordbog, Århus: Torben Arboe, Inger Schoonderbeek Hansen, 23.8.

Ømålsordbogen: Asgerd Gudiksen, Henrik Hovmark, 23.8.

Wörterbuch der bayrischen Mundarten in Österreich, Wien: Eveline Wandl-Vogt, 23.8.

Leif Mæhle, 30.11.

ILOS, UiO: Harald Bjorvand, 8.12.

Olav Vesaas, 14.12.

### **Lansering av bind 5 3.3.:**

Kjartan Fløgstad: monolog

Trond Giske: gratulasjonstale

Tor Erik Jenstad: føredrag

Musikk: Mathilde Grooss Viddal, Trine Talgø, Hedvig Mollestad Thomassen, Tellef Kvifte